



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 15.03.2016, kl 13.30 – 16.00

Stad: Litlås 21, 5954 Mongstad

Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kristin Handeland, Kari Torkildsen Utkilen, Vigdis Søvik, Martin Soltveit (1. vara)

Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Ebba Fjeldstad (avdelingsleiar, var med på omvisinga)

Frå styret møte ikkje:

Frå representantskapet møte ikkje:

Liv Anne Aanensen (valt 14.03.2016).

Møtet starta med omvisning på gjenvinningsstasjonen på Litlås

Sakliste:

- Sak 04/16 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 05/16 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 06/16 Meldingar
 - a. Diverse munnleg orientering
 - b. Avfallsmengder 2015
 - c. Sjukefråvær 2015

Sak 04/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 05/16 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå styremøta 14.12.2016 og 03.02.2016 vart godkjent og signert.

Sak 06/16 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

1) Anbod forbrenning av restavfall

NGIR fekk 3 tilbydarar. Vinnar vart Rekom som baserer løysinga på transport av avfall med tog til Sverige. Kostnaden per tonn aukar om lag 20 % i forhold til dagens prisnivå. NGIR teiknar avtale for eitt år. Prisoppganen skuldast m.a. svekka kronekurs og styrka pund.

2) Prøveprosjekt tekstilinsamling

Det skal gjennomførast eit prøveprosjekt på innsamling av tekstilar i posar saman i papirspannet. Forsøksprosjektet skal gjennomførast frå sommaren på Fedje og i delar av Austrheim.

3) Benchmarking

NGIR gjennomfører i 2016 ei spørjeundersøking som vert samanlikna mot mange andre renovasjonsselskap. Det vert ikkje gjennomført full benchmarking i år av ressursmessige omsyn.

4) Anbod innsamling med komprimatorbil

Anbod for innsamling av avfall med komprimatorbil er utlyst og tilbudsfristen er sett til 07.04.16. Det møtte 10 personar på anbodsorienteringar 09.03.16. Desse representerte (minst) 4 ulike selskap.

5) Problem med avtalegiro

Alle renovasjonsgebyr følgjer ein eigedom. Dersom eigedomen vert seld følgjer kravet eigedomen og ikkje tidlegare eigar. Det er ein del kundar som ikkje seier opp avtalegiroavtalen dei har oppretta når dei seljer eigedomen. Når NGIR oppdagar dette, så fjernar me informasjonen om at dei har avtalegiroavtale i vårt økonomisystem slik at banken ikkje skal trekkja tidlegare eigar. Ein feil hjå NETS har sletta og gjenoppretta alle avtalegiro-avtalar i NGIR sitt økonomisystem. Dette har ført til at opp til 10 år gamle avtalegiroavtalar (som tidlegare eigar eigentleg burde ha sagt opp) har vorte reaktivert hjå NGIR. Det har vorte brukt mykje ressursar i administrasjonen for å forsøka å finna alle som feilaktig har vorte reaktivert. Det ser ut til at arbeidet lukkast tilfredstillande før det vart sendt ut om lag 20 000 faktura i byrjinga av mars. NGIR har gjort tiltak for å hindra tilsvarande konsekvensar dersom NETS skulle gjera ein liknande feil i framtida.

6) Møte i Naturvernforbundet

Dagleg leiar skal halda eit foredrag for Naturvernforbundet 07.03.16 om strandrydding og landrydding i Nordhordland.

7) Møte med større næringsaktører

NGIR har hatt nokre med 2 større næringsaktører der ein har drøfta ulike høve til å samarbeida tettare for felles vinst. Avfallsmengda frå næring er på veg nedover og dette fører til at ein større del av dei faste kostnadene må belastast hushalda. Det er difor gunstig både for hushalda og næringskundar at NGIR kan oppretthalda eit visst volum næringsavfall. NGIR har gjort ein munnleg avtale med eine aktøren som sikrar auka avfallsmengder til sortering og gjenvinning i tida framover.

8) Publisering av saker og referat

Det har kome framlegg om å leggja alle saker og referat frå styremøta og representantskapsmøte ut på NGIR si heimeside. Styret vil drøfta dette på eit seinare møte.

b) Avfallsmengder 2015

Det vart lagt fram relativt detaljert statistikk over avfallsmengder for 2015. Frå hushalda går mengda restavfall ned, medan mengda kjeldesortert avfall går opp. Det låg ein feil i totalsummen for avfall frå hushalda.

c) Sjukefråvær 2015

Sjukefråveret i NGIR har siste år vore 4,8 %, mot 4,1 % siste 3 år. Gjennomsnittleg sjukefråvær totalt i NGIR kommunane (tal frå KS bedrift) har til samanlikning det siste året vore på 10,24% (4 kvartal 2014 til 3 kvartal 2015).

Litlås 15.03.2016

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Vigdis Sjøvik
-styremedlem-

Kari Torkildsen Utkilen
-styremedlem-

Kristin Handeland
-styremedlem-